



KOPI

Jørgen Herland
Litlåsvegen 21
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/285 - 18/3748

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
08.02.2018

Utsleppsløyve for bustad - gbnr 126/41 Hope

Administrativt vedtak: **Saknr: 055/18**

Byggestad: Gbnr: 126/41 Hope
Tiltakshavar: Jørgen Martin Herland

Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp Mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for bustad på gbnr 126/41.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare inn på felles avløpsanlegg med utslepp til sjø.

Storleiken til utsleppet er opplyst til å vera 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 29.01.2017.

Planstatus

Tiltaket ligg innafor reguleringsplan for Hope (plan-id 1263-19062003) og er i samsvar med arealføremålet.

Dispensasjon

frå byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen vart godkjent for bustad med tilhøyrande infrastruktur den 23.11.2017 i administrativt vedtak med Saknr. 552/17.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla, då ingen eigedommar vert direkte berørt, sidan avløpet vert ført via eksisterande leidning som går 1.300 m ut gjennom Mjåsundet og ut i Risaosen på djupt vatn.

Privatrettslege tilhøve

Anlegg for vatn og avløp skal plasserast delvis på tiltakshavar si eiga tomt og delvis på eigedommen gbnr. 126/6, der avløpet skal koplant til eksisterande felles pumpestasjon. Det ligg føre samtykke til plassering av leidningar på gbnr 126/6 og avtale om tilkopling til privat utsleppsleidning og vassleidning og framtidig vedlikehald.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avløpsleidning bør tinglysast på eigedommane.

Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 29.01.2018.

Reinseløysing

Utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare via felles pumpeanlegg til felles utsleppsleidning for bustadfeltet. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Drift og vedlikehald

Eigedommen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eigedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Kap.12

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning bør tinglysast på eigedommane.

Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning

Vassforsyninga i feltet er kommunal og avløpsanlegget er privat. Nordvestre del av feltet pluss nokre bustader lenger inne i Hopesundet har avløp via pumpekum, der avløpet vert pumpa til utsleppskummen søraust i bustadfeltet. Derifrå er det sjølvfallsleidning 1.300 meter ut gjennom Mjåsundet og ut på djupt vatn i Risaosen.

Søknad om løyve til utføring av VA-anlegget i det regulerte bustadområdet på Hope vart godkjent 29.04.2004 etter planar godkjent av kommunen si VA-avdeling, med vilkår om at det vart søkt om utsleppsløyve og at kvar eigedom skal ha eigen slamavskiljar. Krav om utsleppsløyve for kvar einskilt tomt ved byggesøknad vart også vidareført i løyve til frådelling av 11 tomter

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø i felles avløpsanlegg. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at slamavskiljaren kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 29.01.2018.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avløpsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20. Dette inngår i søknad om løyve til oppføring av bustad, saknr. 17/3717.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for bustad på gbnr 126/41 på følgjande vilkår:

- 1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før utsleppet vert ført til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø ut på djupt vatn.**
- 2. Utsleppet frå eigedomen vert godkjent for 5 pe.**
- 3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.**
- 4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.**
- 5. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**
- 7. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak gjort i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak gjort av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak gjort i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avløpsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/285.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jørgen Martin Herland

Litlåsvegen 21

5955

LINDÅS